

ØYGARDEN KOMMUNE  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG

---

<b>Dato</b>	13.10.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/78777-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Tommy Stamnesfet Loddengaard
<b>E-post</b>	Tommy.Stamnesfet.Loddengaard@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45736329

Att.Remi Skålnes Vabø

## Uttale - Innfartsparkering Ågotnes - gnr 27 bnr 128 - Øygarden kommune

Vi viser til e-post med vedlegg, datert 29.09.2023

### Saka gjeld

Øygarden kommune jobbar med å utvikle eit område aust for barneskulen på Ågotnes til innfartsparkering. Det er tenkt å laga til ei mellombels innfartsparkering som skal hjelpa med trafikkavvikling i byggeperioden til Sotrasambandet. Vestland fylkeskommunen har vore involvert i arbeidet gjennom ein arbeidsgruppe.

Kommunen ønskjer ein uttale på tiltaket og då særleg med tanke på tiltaket opp mot fylkesveg og avkøyring som eksisterer i dag.

Tiltaket vil ha tilkomst via fylkesveg 5244. Fylkesvegen har haldingsklasse «mindre streng» jf. rammeplan 2021-2024 for avkøyrsler og byggegrenser. Årsdøgnstrafikk (ÅDT) på staden er 5600 og skiltet fartsgrense er 50 km/t.

Parkeringsplassen synar 110 parkeringsplassar. I anbudsprosessen skal de be om ein opsjonspris på ei utviding av denne mot nord slik at de kan få ca. 50 plassar til.

Tiltaket krev dispensasjonar frå fleire arealføremål innanfor ulike planar: Reguleringsplanen for Tranevågen - OS2 (skule) Reguleringsplan for ny FV 561- o GP (park/miljølokk), o SVT2 (anna veggrunn), o BOPI (offentleg eller privat tjenesteyting).

Kommunen opplyser om at tiltaket vil ikkje vere til hinder for å realisere den nye fylkesvegen til Kolltveit.

### Uttale

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg er positive til det mellombelse tiltaket. Vi meiner at innfartsparkeringa vil vere eitt av fleire nødvendige tiltak for å lette på kø-situasjonen under bygging av Sotrasambandet. Vi legg til grunn at tiltaket ved Ågotnes er tiltenkt som mellombels i anleggsfasen til Sotrasambandet fram til 2027 og at vidare utvikling av området i hovudsak skal skje gjennom ny områdeplan for Miljøgate Ågotnes, som vert starta opp i januar 2023.

Vi ønskjer å få dispensasjonssaka til uttale når den er komplett, slik at vi og andre instansar i fylkeskommunen har moglegheit til å gje eventuelle merknadar. Når det gjeld krysset som skal nyttast, har vi registrert i våre interne system i 2021 at krysset har behov for trafikksikringstiltak.

Dagens kryss (bilete 1) har særleg utfordringar når det gjeld kryssingslengde, kryssingspunkt, svingradius og belysning. Etter vår vurdering er krysset generelt noko utflytande. Området kan framstå noko komplisert og uoversiktleig for mjuke trafikantar som ferdes på staden.

Dagens kryssingspunkt i krysset er langs fylkesvegen og etter det vi kan måle på kart i overkant av 12 meter. Ifølgje Handbok V127 må sikt, kryssingslengde (maks 8 meter) og belysning vektleggast ved val av tiltak for dei gåande. Ei trafikkøy vil dele kryssing av vegen inn i fleire etappar, der berre éi

trafikkretning krev merksemd frå den gåande om gangen. Kryssingspunkt blir plassert der det er naturleg for gåande å kryssa. På denne staden er viktig at kryssingspunktet førast inn krysset. Dersom kryssingspunkt blir plassert 5 m inn i krysset gir det moglegheit for ein bil til å stoppa for kryssande motorisert trafikk utan å hindra gåande. Det kan vere aktuelt å etablere gangfelt på staden, men dette krev teljing av tal gåande på staden.

Svingradiusen i krysset er ikkje merka tydeleg. Dette bidrar til at krysset kan bli oppfatta som uoversiktleg. Svingradiusen bør vere markert fysisk med opphøgd kantstein eller grøft. I samband med dette bør ein også sjå på at overvatnet blir handtert. Krysset må utformast slik at dimensjonerande busser kan køyre inn og ut.

Ulykkesrisikoen i gangfelt og kryssingsstader er fleire gonger så stor i mørke som i dagslys. Derfor er belysning ved gangfelt og kryssingsstader eit viktig tryggingstiltak for gåande. Dagens kryssingspunktet manglar særleg intensivbelysning.



Bilete 1 – Dagens kryss, flybilete 2021

Oppsummert meiner vi at krysset har nokon manglar som bør utbetrast i samband med det mellombelse tiltaket. Utbetringane er mellom anna knytt til teknisk utforming, intensivbelysning og mindre omlegging av gangvegen.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Tommy Stamnesfet Loddengaard**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*